

ULVIK HERAD



Årsmelding 2017

INNHALDSLISTE

Politisk og administrativ organisering	s. 3
Tilbakeblikk på 2017 – slik rådmannen ser det	s. 4
Økonomisk status	s. 5
Personale og organisasjon	s. 11
Administrasjon, styring, kultur og samfunnsutvikling	s. 13
Oppvekst	s. 16
Helse- og omsorg	s. 21
Teknisk drift og vedlikehald	s. 26
Heradsstyresaker 2017	s. 31

POLITISK ORGANISERING

Heradsstyret

Venstre (4): Håkon Gjerde, Oddmund Jordal, Ingrid Sponheim og Anders Kr. Oppheim.

Arbeiderpartiet (5): Hans P. Thorbjørnsen, Ingrid Prestegard, Alf G. Sortland, Ronny Lunestad og Jorid Løvtangen.

Senterpartiet (4): Jens O. Holven, Eva K. Dahl, Ingvild B. Sygnestveit og Jon O. Heggseth.


Høgre (2): Stig Røkenes og Magrete Øydvin.

Sosialistisk Venstreparti (2): Guro Ljone og Hanne Li.

Formannskapet

Hans P. Thorbjørnsen (AP), Stig Røkenes (H), Jens O. Holven (SP), Håkon Gjerde (V) og Guro Ljone (SV)

ADMINISTRATIV ORGANISERING



TILBAKEBLIKK PÅ 2017 – SLIK RÅDMANNEN SER DET

Året har vore eit år med mange endringar. Einingane «pleie og omsorg» og «helse og sosial» er slått saman til ei eining; «helse og omsorg» der Kristin Liset er tilsett som leiar for den nye eininga. Barnehagen har fått ny einingsleiar; Solgunn Wiik Bjørke. Underteikna vart tilsett som ny rådmann, og tok til i stillinga 1.september. Ass.rådmann gjennom mange år, Reidar Meel slutta i si stilling den 1.november og leiar for Tenestetorget, Bente Cook Myhre slutta i si stilling den 31.desember. Så store organisatoriske endringar tek på ein kvar organisasjon. Det vert lett eit vakuum i tida før nye leiarar kjem på plass og organisasjonen skal «sette seg» på nyt, lære kvarandre å kjenne og finne si form. Når det i tillegg er fleire funksjonar som har vorte borte, så skal både ansvar, oppgåver og mynde fordelast på nyt. Organisasjonen Ulvik herad har takla denne omstillinga på ein god måte. Dei tilsette er positive til nye leiarar og nye tankar og politisk nivå har gitt organisasjonen tid og rom til å sette seg på nyt. I det ein skriv 31.12.2017 er det fleire vakante stillingar i organisasjonen, mellom anna personal- og administrasjonsleiar (som erstattar ass.rådmannstillinga) og stilling etter leiar på Tenestetorget, som gjer at vi framleis ikkje får prioritert alle oppgåver vi treng å prioritere, men etter kvart som nye tilsette kjem på plass, trur eg dette vil falle på plass.

I budsjettet var målet å overføra 4,3 mill kr til investering og 1,5 mill kr til fond, dette målet har vi ikkje nådd. I høve til vedteke budsjett, har einingane eit meirforbruk på kr 5,3 mill. Dette skuldast fleire tilhøve, m.a. at fleire av sparetiltaka ikkje har vore gjennomført, ekstraordinær kostnad knytt til enkeltbrukarar og til IKT-samarbeid, store ekstrakostnader knytt til legevikar, underbudsjettering i barnehagen relatert til modulbarnehagen, samt underbudsjettering av sosialhjelpskostnader i NAV.

Bygginga av den nye sjukeheimen, skal etter planen starte opp sommaren 2018 og vil medføre auka driftskostnader etter kvart som nye lån skal betenast. Parallelt med dette store prosjektet ser vi at vi har utfordringar knytt til dei fysiske tilhøva i barnehagen, i tillegg til at nokre av dei kommunalt eigde bustadane og andre kommunalt eigde bygg har behov for oppgradering. For å få betre oversikt over omfanget av desse tilhøva, vil det bli laga ein vedlikehaldsplan for kommunale bygg i 2018. I den vil det og bli utgreidd avhending som alternativ for nokre bygg.

For å lukkast med å ta ned drifta av Ulvik herad, må politisk og administrativt nivå jobbe i lag om dei gode løysingane i tida som kjem. I samband med budsjettprosessen for 2019 vil det bli lagt opp til ei ny samling på Finse, for å jobbe med nettopp dette.

2017 var det første året der ein hadde planlagt større innsparingar, noko ein berre delvis lukkast med. Å redusere på drifta handlar ikkje berre om å kutte i tenester og å spare pengar, men like mykje om å tenke annleis, gjere ting på ein annan måte og fire litt på både krav og forventningar. Om ein gjer det ein alltid har gjort, så får ein stort sett det same som ein alltid har fått. Skal ein oppnå ei endring, så må kvar enkelt bidra med å endre noko hjå seg sjølv. Om alle er seg sitt ansvar bevisst og bidreg med det dei må og kan, så vil vi komme i mål, men ikkje utan at det vil merkast og ikkje utan at det har konsekvensar. Å levere gode tenester til innbyggjarane i Ulvik herad er vår jobb nummer 1 og dette skal vi framleis vere gode på.

Thore Hopperstad
rådmann

ØKONOMISK STATUS

Økonomiske hovedtrekk frå drifta dei siste tre åra				
	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Auke
	2017	2016	2015	2016-2017
Driftsinntekter:				
Driftsinntekter og refusjonar	29 138 572,59	28 303 252,40	27 163 073,91	2,87 %
Rammetilskot og statstilskot	67 717 805,13	60 387 290,92	60 242 668,73	10,83 %
Skatt på inntekt og formue	34 102 656,20	34 173 547,08	32 883 354,75	-0,21 %
Eigedomsskatt	7 604 072,74	9 269 236,00	10 570 911,00	-21,90 %
Andre direkte og indirekte skattar	5 906 304,00	5 906 304,00	5 485 870,00	0,00 %
SUM DRIFTSINNTEKTER	144 469 410,66	138 039 630,40	136 345 878,39	4,45 %
Driftsutgifter:				
Lønsutgifter	89 447 286,62	88 618 004,64	85 950 031,91	0,93 %
Kjøp av varer og tenester	36 081 132,40	32 561 521,75	29 659 092,18	9,75 %
Overføringer, avskrivningar og fordelte utgifter	24 599 961,32	22 660 834,32	21 098 867,56	7,88 %
SUM DRIFTSUTGIFTER	150 128 380,34	143 840 360,71	136 707 991,65	4,19 %
Brutto driftsresultat	-5 658 969,68	-5 800 730,31	-362 113,26	-2,51 %
Finansinntekter:				
Renteinntekter og utbytte	2 223 761,82	2 378 080,52	2 356 443,66	-6,94 %
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	1 479 956,75	910 328,32	218 698,00	38,49 %
Mottatte avdrag på utlån	91 736,59	122 730,13	144 702,50	-33,79 %
SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER	3 795 455,16	3 411 138,97	2 719 844,16	10,13 %
Finansutgifter				
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	1 559 676,04	1 791 036,11	1 012 021,42	-14,83 %
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)				
Avdragsutgifter	3 217 588,00	4 303 425,00	2 455 720,00	-33,75 %
Utlån	10 000,00	47 457,75	9 300,00	-374,58 %
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	4 787 264,04	6 141 918,86	3 477 041,42	-28,30 %
RESULTAT EKSTERNE FINANSTRANS.	-991 808,88	-2 730 779,89	-757 197,26	-175,33 %
Motpost avskrivninger	6 302 771,22	5 866 597,03	5 335 228,37	6,92 %
NETTO DRIFTSRESULTAT	-348 007,34	-2 664 913,17	4 215 917,85	

Driftsinntektene:

Rammeoverføringane er auka med 10,8% , dette må sjåast i samanheng med den låge skatteinngangen til heradet. Samanliknar me skatteinntektene frå 2016 til 2017 så er det ein nedgang på 0,2%, om me i tillegg tek høgde for den generelle prisauken er nedgangen i skatteinntektene i realiteten nærare 2% . Eigedomsskatten har gått ned med nærare 22%, dette heng saman med eigedomsskatteverdien på kraftverka i heradet som er under det såkalla maks-taket, og i tillegg påverkar lågare kraftpris verdien.

Driftsutgiftene:

Samla så auka dei totale driftsutgiftene med 4,19 % frå 2016 til 2017. Lønsutgiftene auka med 0,93% frå 2016 til 2017 mot 3,01% året før. Dette er lågare enn den generelle lønsauken i 2017, og samla sett så tyder dette at heradet har færre tilsette. Kjøp av varer og tenester har gått opp med 9,75% samanlikna med 2016. Ser me på detaljane så er det auke i kjøp av fylkeskommunale tenester som gjeld introduksjonsordninga , auke i kjøp av tenester frå andre kommunar- gjeld legevakt på Voss som kom i gang i 2017 , og auke i kjøp frå privat som gjeld kjøp av tenester til helse og omsorg. Overføringer, avskrivningar og fordelte utgifter variere frå år til år på grunn av ulikt nivå på tilskot og pliktige statlege føringar.

Finanspostane:

Resultatet av finanspostane er negativt i år som i fjor, men det er redusert samanlikna med i fjor. Dette kjem frå auke i avkastninga på næringsfondet, og nedgang i avdragsutgiftene.

Brutto – og netto driftsresultat:

Brutto driftsresultat på kr 5 658 969 seier noko underskotet etter avskrivningar, men før renter og andre finanspostar. I netto driftsresultat er finanspostane inkludert avdragskostnadane teke med, mens avskrivingane er nulla ut, dei interne finanstransaksjonar slik som bruk og avsetning til fond er ikkje teke med her. Netto driftsresultat er eit mykje nytta måltal for korleis kommuneøkonomien utviklar seg. Om netto driftsresultat er 1,75% av brutto driftsinntekter er dette å rekna som ein «sunn» kommuneøkonomi.

Resultatet i meldingsåret og utviklinga frå 2015.

Samanliknar me dei 3 siste åra så er det store svingingar i resultata, der 2015 kjem ut med eit positivt resultat då i all hovudsak på grunn av at pensjonsutgiftene til einingane vart mindre enn forventa, og låneopptaket for 2013, 2014 og 2015 ikkje vart gjort før i slutten av 2015, slik at dette har hatt ein positiv verknad både på renter- og avdragsutgifter. Til 2016 der heradet kjem ut med eit rekneskapsmessig meirforbruk, som i all hovudsak skyldast utfordingar på einingsnivå og at rente og avdragsutgiftene er høgare enn budsjettert. Mens me i 2017 la eit budsjett med eit mindreforbruk på kr 5 816 206, der kr 4 325 484 skulle overførast til investering og kr 1 490 722 skulle overførast til investeringsfond. Resultatet vart at overføringa til investering ikkje er gjort og me berre delvis har overført til investeringsfond. Dette vil på sikt gjera til at heradet må låne meir for å finansiere vedtekne investeringar.

Rekneskapsmessig resultat:

Rekneskapsmessig resultat er det som står att av netto driftsresultat etter fondsavsettingar og andre årsoppgjersdisposisjonar. Driftsrekneskapen for 2017 ser ut som om det balanserer, men ser me dette i samanheng med budsjettvedtaket så er det eit meirforbruk på kr 4 536 955,05.

Driftsavvik fordelt på einingane:

Ansvar	Ansvar	Rekneskap	Budsjett	Overskot/underskot
210	Stab/støtte	17 117 868,07	16 122 844,93	-995 023,14
220	Barnehagen	8 452 753,19	7 875 119,84	-577 633,35
230	Undervisning	19 769 233,63	19 708 608,00	-60 625,63
240	Helse & omsorg	14 245 427,26	12 167 482,40	-2 077 944,86
250	PLOMS	23 845 348,52	23 505 895,20	-339 453,32
270	NAV	4 338 486,18	3 074 508,58	-1 263 977,60
280	Teknisk leiar	14 043 447,32	14 057 134,73	13 687,41
		101 812 564,17	96 511 593,68	-5 300 970,49

Einingane har eit meirforbruk på til saman 5 301 000 kroner. For stab/støtte er det primert kontingentar og linjeleige som utgjer den store differansen. Dette er eit resultat av at Odda kommune sa opp avtalen om felles dataløysing og heradet fekk ny avtale med Kvam, slik at heradet betalt dobbel linjeleige/ kontingentar i oppseiingsperioden.

Barnehagen var underbudsjettet i samband med modulbarnehagen. Helse og sosial har også i år hatt utfordringar på legetenesta, der dei har nytta vikarlækjar frå vikarbyrå delar av året. I tillegg har det vore større utgifter til barnevern og omsorg/personleg assistent enn budsjettet. Nav har større utbetalingar til sosialstønad enn budsjettet.

Driftsavvik som ikkje er fordelt på einingane:

Årets premieavvik		1 584 171,00	
Amortisering av tidlegare års premieavvik		-1 715 281,00	
Kraftinntekter		4 533,91	
Skatt på forskotspliktige		-1 184 343,80	
Eigedomsskatt		-59 661,49	
Statleg rammetilskot		1 133 748,10	
Statstilskot flyktningar		853 800,00	
Renteutgifter		-200 686,02	
Avdrag		-270 567,00	
Overført til investeringsrekneskapet		4 325 484,00	-4 325 484,00
Overført til ubunde invest. fond		211 471,05	-211 471,05
Renteinntekter		220 665,49	
Inntekter VAR- område		417 746,00	
Utbute og eigaruttak		-3 730,00	
Diverse		-16 379,75	
		5 300 970,49	
Meirforbruk samnlikna med budsjett			-4 536 955,05

Avvik på finansområdet kjem frå: Netto utgiftene til dei framtidige pensjonsutbetalingane gjev eit negativt resultat i år.

Skatteinntektene er om lag 1,2 millionar kroner mindre enn budsjettet. I budsjettarbeidet la ein opp til ein moderat skatteauke, nokon mindre enn det som kom fram i KS sine prognosar. Likevel er skatteinngangen for 2017 ca 100 000 kroner lågare enn det den var i 2016 og då er det ikkje tatt høgde for prisauke. Den låge skatteinngangen påverkar inntektsutjamninga, og rammetilskotet vert høgare enn budsjettet.

Statstilskot flyktningar er høgare enn budsjettet.

Heradet har hatt høgare avdragsutgifter enn venta, dette heng saman med nedbetalingstida på refinansierte midlar. Renteutgiftene har vore høgare enn venta, i budsjettet la ein opp til ei rente på 1,5 %, den faktiske renta vart 1,69%.

Renteinntektene og inntekter frå vatn og avlaup(VAR) er høgare enn venta.

Investeringrekneskapen:

Dei samla investeringane i anleggsmiddel var på om lag kr 30 mill. Anleggsmidlane vart finansiert slik: bruk av lån kr 20 mill, tilskot 4 mill, bruk av fond/mvakomp på kr 6 mill. Det største investeringsprosjektet i 2017 var gang/sykkelveg tyssevikvegen og vatn og avlaup.

Balanserekneskapen:

Egedelane til heradet er på kr 460 millionar av dette er kr 170 millionar pensjonsmidlar som står plassert i KLP. Dette utgjer 37% av egedelane til heradet. Eigenkapitalen til heradet er auka med kr 8 millionar, dette kjem frå auke på kapitalkontoen på kr 11 millionar og ein reduksjon i fondavsetningane på kr 3 millionar. Reduksjonen i fond kjem frå bruk av fond til drift og investeringar.

Økonomiske nøkkeltal:

Økonomisk nøkkeltal	Ulvik	Ulvik	Ulvik	Jondal	Kostragr 06
	2015	2016	2017	2017	2017
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-0,3	-4,2	-3,9	-0,1	1,3
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,1	-1,9	-0,2	2,2	3,3
Frie inntekter i kroner per innbygger	71 658	73 347	78 069	78 164	75 293
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	208	190	205	196	227
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	80	45	42	256	32
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	22 606	27 322	42 796	53 242	91 630

Tabellen syner den finansielle utviklinga i Ulvik dei 3 siste åra, samanlikna med Jondal som er i same kostragruppe som Ulvik og totalen for vår kostragruppe. Ulvik herad er i kostragruppe 6: liten kommune med høge bundne kostnader pr innbyggjar, høge frie disponible inntekter.

I den langsiktige gjelda inngår både vanleg renteberande gjeld og framtidige pensjonsplikter til tilsette i kommunen. Pensjonspliktene, som er ei form for avsetting til framtidige pensjonsutbetalingar, utgjer om lag 2/3 av den langsiktige gjelta. Nivået på desse pliktene er rekna utifrå statlege reglar. Den renteberande gjelta, 1/3 av langsiktig gjeld, har auka det siste året. Likevel ligg heradet under gjennomsnittet for gruppe 06.

Arbeidskapitalen (omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) fortel om likviditeten dvs om heradet har pengar til å betale regningane sine til rett tid. Ulvik herad har god likviditet, samanlikna med både gjennomsnittet i gruppe 06 og med gjennomsnittet i landet.

Frie disponible inntekter fortel enkel sagt om kor mykje av overføringane gjennom inntektssystemet som ikkje er bunde opp til dei vanlege lovpålagte driftsoppgåvene. Ulvik har

høge frie inntekter både samanlikna med gjennomsnittet i gruppe 06 og med gjennomsnittet for heile landet.

Netto lånegjeld er den renteberande gjelda, den har auka det siste året, men heradet ligg likevel under gjennomsnittet for gruppe 06 og under gjennomsnittet for landet.

Kostra-samanlikningar:

KOmmune-STat_RApportering har vore i bruk i Ulvik i mange år. Systemet, som ligg på heimesidene til Statistisk sentralbyrå, gjev eit godt grunnlag for å samanlikne kommunar når det gjeld ressursbruk. KOSTRA-tala må likevel tolkast med noko varsemd.

Viktige KOSTRA-funn om meldingsåret for Ulvik herad sin del:

Innbyggjarartalet har auka, i aldersgruppa 0 år og 1-5 år og mellom 16-19 år, dette er gledeleg.

Innbyggjarar i Ulvik					
	2013	2014	2015	2016	2017
0 år	10	8	8	13	15
1-5 år	53	57	56	60	61
6-12 år	92	78	80	87	88
13-15 år	30	42	45	41	36
16-19 år	71	68	54	47	52
20-44 år	295	270	294	296	308
45-66 år	324	326	330	331	325
67-79 år	143	156	160	162	172
80-89 år	71	61	54	52	50
90 år eller eldre	24	28	26	27	24

Innbyggjarar i Ulvik pr 31.12 i %:

	2013	2014	2015	2016	2017
0 år	0,90 %	0,73 %	0,72 %	1,16 %	1,33 %
1-5 år	4,76 %	5,21 %	5,06 %	5,38 %	5,39 %
6-12 år	8,27 %	7,13 %	7,23 %	7,80 %	7,78 %
13-15 år	2,70 %	3,84 %	4,07 %	3,67 %	3,18 %
16-19 år	6,38 %	6,22 %	4,88 %	4,21 %	4,60 %
20-44 år	26,50 %	24,68 %	26,56 %	26,52 %	27,23 %
45-66 år	29,11 %	29,80 %	29,81 %	29,66 %	28,74 %
67-79 år	12,85 %	14,26 %	14,45 %	14,52 %	15,21 %
80-89 år	6,38 %	5,58 %	4,88 %	4,66 %	4,42 %
90 år eller eldre	2,16 %	2,56 %	2,35 %	2,42 %	2,12 %
	100,00 %	100,00 %	100,00 %	100,00 %	100,00 %

Netto driftsutgifter pr teneste i % av netto driftsutgifter							
	2015	2016	2017	2017	2017	2017	2017
	1233 Ulvik	1233 Ulvik	1233 Ulvik	1227 Jondal	1232 Eidfjord	1234 Granvin	Kostra gr 06
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg	19,0	19,2	17,2	15,6	17,7	15,0	13,4
herav Netto driftsutgifter styring og kontrollvirksomhet, i prosent av totale netto driftsutg	2,4	2,3	2,2	3,0	2,8	2,4	1,9
herav Netto driftsutgifter administrasjon, i prosent av totale netto driftsutg	16,6	16,9	15,0	12,6	14,9	12,6	11,5
Netto driftsutgifter, barnehage, i prosent av totale netto driftsutgifter	8,7	7,6	9,8	8,6	9,1	8,1	7,6
Netto driftsutgifter, grunnskoleopplæring, i prosent av totale netto driftsutgifter	23,5	20,4	21,2	20,3	20,0	22,9	21,5
Netto driftsutgifter, helse og omsorg, i prosent av totale netto driftsutgifter	34,3	35,7	36,8	39,0	30,1	34,0	41,3
Netto driftsutgifter, sosialtj., i prosent av totale netto driftsutgifter	3,1	4,1	4,5	2,9	1,1	1,4	4,6
Netto driftsutgifter, barnevern, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,0	0,9	0,9	2,7	0,7	1,0	3,1
Netto driftsutg, vann, avløp, renovasjon/avfall, i prosent av totale netto driftsutg	1,2	-0,2	0,1	-0,6	-0,3	-1,0	-0,3
Netto driftsutg, fys.planl./kult.minne/natur/nærmiljø, i prosent av totale netto driftsutg	2,8	1,9	2,2	2,0	5,4	1,7	1,2
Netto driftsutgifter, kultur, i prosent av totale netto driftsutgifter	4,9	5,0	5,3	2,9	10,9	3,0	3,8
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	2,0	1,9	1,9	2,1	2,3	1,7	1,6
Netto driftsutgifter, samferdsel, i prosent av totale netto driftsutgifter	2,6	2,9	2,6	2,2	3,5	5,2	2,8
Netto driftsutgifter, bolig, i prosent av totale netto driftsutgifter	-1,1	-0,8	-0,7	0,5	1,0	3,9	0,2
Netto driftsutgifter, næring, i prosent av totale netto driftsutgifter	-3,8	-1,3	-2,6	-2,1	-8,3	1,8	-2,1
Netto driftsutgifter, brann og ulykkesvern, i prosent av totale netto driftsutg	2,0	2,0	1,8	2,2	2,9	2,2	1,8

PERSONALE OG ORGANISASJON

Sjukefråvær. Legemeldt og eigenmeldt samla.

Kommune/år	2014	2015	2016	2017
Ulvik	5,63%	6,04%	7,39%	6,31%

Talet for 2017 for eigenmeldt og sj.meldt fråvær er 6,31% for 2017. Det vil seie at 93,69 er langtidsfriske og at Ulvik herad ligg nært opp mot målsetjinga som er 94,4%.

Barnehagen hadde eit sjukefråvær på 8,21 %. Det er høgare enn for Ulvik herad, og det høgste på fleire år. Barnehagen arbeider kontinuerleg med oppfølging av sjukemelde.

Eininga Helse- og omsorg har eit sjukefråvær på 8,49%. Dette har sett sitt preg på drifta og slitasjen på personalet er merkbar. Sjukefråværsarbeidet viser at fråværet ikkje er arbeidsmiljørelatert. Fråvær uavhengig av årsak og gir større press på drifta og på resterande arbeidsstokk.

Ulvik herad har plan for inkluderande arbeidsliv (IA) for perioden 2014-2018. Planen inneholder ulike delmål som skal fylgjast innanfor desse områda; resultatmål for sjukefråværsarbeidet, oppfølging sjukefråvær, tilrettelegging for eigne tilsette og andre, i tillegg til oppfølging av livsfasetiltak.

Samarbeid med fagorganisasjonane

I samband med oppstartfasen av bygging av ny sjukeheim vart det halde jamlege møte med tillitsvalde og HVO.

Ulvik barnehage har oppretta Arbeidsmiljøgruppe som har faste møte ca. kvar fjerde veke. Der møter representant frå Fag forbundet, Utdannings forbundet, Verneombod og styrar. Alle desse har høve til å koma med saker til Utvalet.

Eininga helse- og omsorg har tett dialog med fagforeiningane og møtest minst 1 gong per månad.

Kompetanseutvikling

I Ulvik barnehage har to pedagogar teke etterutdanning, ein i Spesialpedagogikk og ein i Språkutvikling og språklæring i barnehagen.

Ein assistent har gått opp til fagprøve i Barne og ungdomsarbeiderfaget.

To pedagogar har delteke i ei kursrekke om barn som utfordrar.

Elles har heile personalgruppa delteke i kompetansehevingstiltak på planleggingsdagar og personalmøte. Tema har vore språk, prosjektarbeid i barnehagen, barnesamtalar, fyrstehjelp. To brannmenn er godkjent med fullført/godkjent Grunnkurs deltid, i regi av Norsk brannskole i 2017.

Ein brannmann gjennomførte/bestod kurs i Utrykkingskøyring kurs (kode 160), i regi av Haugesund Utrykkingsskole. Brannsjefen starta deltidsstudie i «Beredskapsledelse», ved Høgskulen Vestlandet.

Kompetanseutvikling ved helse – og omsorg:

- Desentralisert utdanning: ferdig utdanna sjukepleiar
- Ferdig utdanna lungesjukepleier
- 2 med tverrfagleg teorieksamen helsefagarbeidar, får nå praksis hjå eininga for å kunne ta fagprøven.
- 5 personar under utdanning Demens omsorgens ABC
- 4 personar under utdanning Velferdsteknologi ABC

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

HMT året starta med føredrag og case kring «alvorlege hendingar» i regi av Vest politisdistrikt. Her var leiargruppa Verneomboda, tillitsvalde og tilsette ved Sentrumsbygget invitert inn.

Ulvik herad har ein overordna plan for HMT-arbeidet for 2015- 2017. Planen er utarbeidd i samarbeid med bedriftshelse 1.

Verneomboda har hatt 2 fellesmøte. Våren 2017 vart det gjennomført vernerundar på dei 6 verneområda med fordeling av 100 000 kr. i HMT-midlar. Vidare er det kalla inn til helseundersøkingar for dei som har krav på dette etter lov og forskrift. Ulvik herad har opsjon på avtale med bedriftshelse 1 ut 2018.

Ulvik brannvern har eit ope avvik frå Arbeidstilsynet når det gjeld brannstasjon (rein/skiten sone, garderobe, dusj/toalett etc.). Dagens brannstasjon tilfredsstiller ikkje krav for ein frammöteplass.

HVO, VO, tillitsvalt og bedriftshelsetenesta har delteke på fellesmøte vedkomande saka.

Våren 2017 oppretta Ulvik herad eitt elektronisk avviksskjema. Her kan den tilsette melde inn ei uønska hending. Frå ordninga starta opp våren 2017 vart det registrert 21 avvik ut året, mesteparten ved Pleie- og omsorg.

Alle som er tilsett i heradet vert oppmoda til trim på fritida gjennom trimtiltak. Gjennom tiltaket kan ein få sponsa treningskontingent og trekning av gåvekort på trimma timer. Tiltaket gjeld ut 2018.

Det vart halde 3 AMU- møte i 2017 med følgande saker: trimtiltak, oppføring av sjukeheim og budsjett.

Diskriminering og likestilling

Ulvik herad er ein kvinnedominert arbeidsplass. Om lag 70% av arbeidsstokken er kvinner. Ufrivillig deltid har vore drøfta saman med arbeidstakarorganisasjonane. Det er i liten grad avdekkja ufrivillig deltid, og ved intern utlysing av stillingar søker me å få auka opp stillinga til dei som ynskjer dette.

Etikk

Me har etiske retningsliner som legg føringer for det etiske arbeidet i organisasjonen. Desse retningslinene vil bli reviderte i 2016. Men dette er eit viktig felt som me vil sjå nærmare på i komande økonomiplanperiode.

ADMINISTRASJON, STYRING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING

Kostra-tal: Ulvik og Jondal kommunegruppe 6, Granvin kommunegruppe 5 og Eidfjord kommunegruppe 16.

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb

	2015	2016	2017
1227 Jondal	11944	12171	13447
1233 Ulvik	16416	17378	16354
EKG06 Kostragruppe 06	11171	10942	11693
1234 Granvin	11323	11834	11994
EKG05 Kostragruppe 05	10096	10611	10306
1232 Eidfjord	22917	23895	21642
EKG16 Kostragruppe 16	12806	13452	13667

Politikk – tal saker

År	Heradsstyret	Formannskapet
2014	60	58
2015	76	57
2016	80	67
2017	57	60

Fellestenester

Ny leiar for barnehage og ny leiar for helse og omsorg vart tilsett med start sommaren 2017. Helse og sosial og pleie og omsorg var då slått saman til ei eining; helse og omsorg. Ny rådmann vart tilsett med startdato 1.september. Ass.rådmann slutta i stillinga i november og stillinga vart lyft ut på slutten av året, omgjort til ei personal- og administrasjonsleiar stilling. Leiar for Tenestetorg, som hadde hatt permisjon i lengre tid, sa opp stillinga si på tampen av året.

I januar overtok Kvam herad drift og utvikling av IKT tenestene for Ulvik herad. Same månaden lanserte Ulvik herad facebookside.

På hausten var det stortingsval. Ulvik hadde ein frammøteprosent på 83,6%. Nær halvparten av røystene var førehandsrøyster.

I desember vart Frivilligsentralen lagt ned ved vedtak i heradsstyret. Bakgrunn for vedtaket er økonomien i heradet.

Samfunnstryggleik og beredskap.

Det har ikkje vore særskilde hendingar innanfor samfunnstryggleik og beredskap i 2017.

Samfunnsutvikling

«Sektorplan 2010- 2014 for Arbeidsplasser og Næringsutvikling» er gyldig inntil planlagd ny Strategisk Nærings- og utviklingsplan blir vedteke. Mange av måla er oppnådd og planen er moden for fornying.

Arbeid innan næringsområdet i 2017:

- Bygde- og næringsutviklar stillinga er ein støttespiller og initiativtakar til fleire lokale prosjekt.
- Bygde- og næringsutviklar er prosjektleiar og sekretariat for Cittaslowrådet sitt arbeid i Ulvik. Arbeidet i Cittaslowrådet går framover, med vidareutvikling av matkulturen og lokal produksjon i fokus.
- Oktobertorg arrangement
- Det vart i 2017 løyvd 600.000 frå næringsfondet til vidareutvikling av fleire bedrifter innan landbruk og næring, og til fire nye føretak i Ulvik.
- Høg aktivitet regionalt gjennom Hardangerrådet og Team Hardanger; alle næringsutviklingsansvarlige i Hardanger. Bygde- og næringsutviklar er leiar av Team Hardanger og jobbar tett med Hardangerkommunane om eit nytt felles regionalt prosjekt; «Heile Hardanger- Heile Året», der det og er sendt søknad om midlar til Hordaland fylkeskommune
- Sju lokale næringsaktørar har fått rettleiing frå heradet med m.a. søknadsskriving og kompetanseheving.
- Dialog med HFK om overdraging av Holmen-området og Hjeltnes
- Samarbeid med Ulvik næringslag

Reiselivet har hatt ein god sesong med aukande grad av optimisme, nyskaping, fleire nye verksemder og fleire gjestedøger regionalt. Sommarsesongen var fullbooka. Brakanes hotell har vore gjennom omfattande restaurering.

Eit mangfold av overnattingstilbod frå agroturisme, hotell, hytter og camping er særsviktig for å kunne vidareutvikle reiselivet i kommunen. Det er ein merkbar auke av kinesiske turistar i år som har vært innom, mykje grunna det nye båttilbodet mellom Ulvik og Eidfjord, i perioden juni til ut august. Det var 16 cruiseanløp, som påverkar besøksstatistikken.



Kultur og kino

Arbeidet med kulturminneplan pågår. Planen vil bli fullført i 2018. Det har blitt arrangert innhaldsrike og fine program i Den Kulturelle Skulesekken og Den Kulturelle Spaserstokken. Utsmykkingsnemnda har vore samla for å drøfta utsmykking av ny sjukeheim. Kunstfagleg konsulent for prosjektet er Ingunn van Etten.

Totalbesøk kino:

År	
2017	1.769
2016	2.261

Ulvik kino har hatt ein nedgang i kinobesøket på vel 25 %. Nedgang i kinobesøket i 2017 gjeld heile landet og ein av årsakene er mangel på publikumssuksessar. I tillegg hadde vi stengt kinoen i 1 mnd., grunna oppussing. Ulvik kino har i ei årrekke lagt på rundt 2000 besøkjande +/- . Vi har eit gjennomsnittsbesøk på omlag 25 personar pr. framsyning. Vi marknadsfører kinoen i fleire kanalar: nettsider på Filmweb der det og kan kjøpast billettar, vi publiserer programmet kvar veke på Facebook og gjennom heradet sin nye App.

10.på topp 2017:

Film	Besøk
Richard Storken (skulefilm)	107
Den 12. mann	89
Ekspedisjon Knerten	88
Fast & Furious 8	86
Dyrene i Hakkebakkeskogen (gratis framsyning 17.mai)	78
Marcus & Martinus - Sammen om drømmen	56
Kongens nei (skulefilm)	55
Karsten og Petra lager teater	54
Grusomme meg 3	49
Karsten og Petra - ut på tur	47

Bibliotek.

Utlåns- og besøksstatistikk:

	2015:	2016:	2017:
Samla utlån:	5293	4450	4265
Samla besøk:	2204	2340	2108

OPPVEKST

Skule

Brakanes barne- og ungdomsskule leverer stabile og gode resultat. Det vert dokumentert gjennom resultata på nasjonale prøver, avgangsprøver og kanskje viktigast i gjennomføringstal i vidaregåande opplæring.

Kostratal; Netto driftsutgift til grunnskulesektor visar at utgift pr. innbyggjar 6-15 år har gått opp frå 2016 til 2017. Ulvik herad har ein større andel elevar med behov for særskild norskopplæring og ein større andel elevar med behov for omfattande spesialundervisning enn dei andre kommunane i tabellen.

Elevtalet i grunnskulen er frå 2016 til 2017 gått ned frå 122 til 117. Det påverkar også snitttalet for Ulvik negativt.

Netto driftsutgifter til grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), per innbyggjar 6 – 15 år
 202: grunnskule, 215: skulefritidstilbod, 222: skulelokale, 223: skuleskyss

	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Ulvik	171049	175858	176680	177516	170621	185483
Kommune gr 6	147162	150890	156567	161334	163512	172080
Granvin	146268	150909	171742	171628	201048	203824
Eid fjord	199443	217010	215480	247040	230713	230960

Prosentvis utvikling

	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17
Ulvik	2,8 %	0,5 %	0,5 %	-3,9 %	9%
Kommune gr 6	2,5 %	3,8 %	3,0 %	1,3 %	5%
Granvin	3,2 %	13,8 %	-0,1 %	17,1 %	1%
Eid fjord	8,8 %	-0,7 %	14,6 %	-6,6 %	0%

Brakanes skule har i mange år hatt eit stabilt elevtal på rundt 125. I dette skuleåret er me under 120, og komande år vil me kanskje komme over 130 – alle er velkomne.

Av referansemessige omsyn brukar me tal frå GSI-registreringa, som er pr. 01.10.2017. Ved utgangen av 2017 er elevtal, SFO- og kulturskuledeltaking auka.

År	1 kl	2 kl	3 kl	4 kl	1-4 kl	5. kl	6 kl	7 kl	5-7 kl	8 kl	9 kl	10 kl	8-10 kl	1-10 kl
2017-18	9	16	10	13	48	9	12	11	32	15	16	6	37	117
2016-17	15	11	14	9	49	12	11	15	38	16	6	13	35	122
2015-16	11	13	9	13	46	10	15	16	41	5	13	20	38	125
2014-15	14	7	13	10	44	15	15	7	37	13	20	11	44	125
2013-14	8	13	10	13	44	16	9	13	38	20	11	12	43	125

Tidleg innsats

Kommunane har sidan 2015 fått eit øyremerka tilskot til tidlig innsats, dvs. lærartimar i småkulen. I 2017 fekk Ulvik herad 233.918 kr til varig styrking til faste stillingar og 67.736 kr som fleksible midlar, til å auka læretettleiken i 1.-4. trinn. Dei 301.645 kr utgjer om lag 10 lærartimar pr. veke, og er nytta i småkulen - slik intensjonen var. Kunnskapsdepartementet har varsla at dette tilskotet i løpet av 2018 vil bli brukt/omdefinert til finansiering av den nye lærarnormen. Lærarnormen vil diverre ikkje medføra tilskot til Ulvik herad, sidan gjennomsnitt elevtal hjå oss er under normtalet på 15, sjølv om somme klassar ligg over 15.

Særskild norskopplæring

I opplæringslova står: *Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.*

I Ulvik er det i 2017 flyktningane som har hatt dette behovet. Fleire av dei har no oppnådd tilstrekkelege norskdugleik til å fylgja den vanlege opplæringa. Me forventar difor at me i 2018 kan sjå ein nedgang. Ulvik herad ligg langt over det nasjonale nivået.

Andel elevar i grunnskulen (%) som får særskild norskopplæring etter einskildvedtak	2014	2015	2016	2017
Ulvik	4,8%	8%	9,0%	10,3%
Nasjonalt	7,2%	7,0%	7,2%	7,1%

Spesialundervisning og PPT

Ulvik herad følgjer opp dei faglege tilrådingane frå PPT, slik opplæringslova krev.

I 2017 fekk me ein større auke i spesialundervisningsbehovet, både på tal elevar og tal timar. Det var fordi me fekk nye elevar med store behov, og fordi ein del elevar fekk avdekka eit høgare hjelpebehov enn tidlegare utgreiing/diagnostisering/sakkunnig tilråding hadde vist.

Andel elevar som har einskildvedtak om spesialundervisning

Brakanes barne- og ungdomsskule	2017-18	14,5%
	2016-17	9,0%
	2015-16	9,6%
	2014-15	9,6%

Det nasjonale snittet ligg på 7,9% I 2017/18

Skulefritidsordning (SFO)

SFO er eit populært tilbod, med eit høgt tal brukarar. Etter registreringsdatoen er det kome fleire påmeldingar til SFO. 1. klasse er t.d. no oppe på 70% av elevane.

Andel born i SFO	År	Tal barn i SFO	Andel barn i SFO	Andel av elever i			
				1. årstrinn	2. årstrinn	3. årstrinn	4. årstrinn
Brakanes B&U	2017-18	42	45%	44,44	81,25	90,00	76,92
Brakanes B&U	2016-17	43	49,43	86,67	100,00	71,43	88,89

Brakanes B&U	2015-16	41	47,13	72,73	100,00	100,00	76,92
Brakanes B&U	2014-15	33	40,74	78,57	85,71	69,23	70,00
Heile landet	2017-18		35,89	81,63	75,92	57,94	31,28
Heile landet	2016-17		36,21	81,14	74,38	59,34	31,69
Heile landet	2015-16		36,41	79,93	75,24	59,75	32,50
Heile landet	2014-15		36,70	80,04	75,24	60,68	34,16

Barnehagen

Barnehagen har hatt stigande barnetal. Me rapporterer via BASIL pr. 15. desember kvart år, sjå tabellen under. Tabellen visar sum barn og sum plassar. Barn under tre år tel for to, og difor vert tal plassar som vist i tabellen.

Med suppleringsopptak 1.nov., 1.feb. og 1.mai., aukar talet på barn gjennom barnehageåret. Dei siste tre åra, har me opplevd at kapasiteten jf. arealnorm er på maksimum når me kjem til mai månad.

Fordeling av barn

	0 år	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	Sum	plassar
15.12.2017	1	8	16	9	12	18	64	89
15.12.2016		11	9	11	17	8	56	76
15.12.2015		7	11	17	6	15	56	74
15.12.2014	1	7	14	4	15	9	50	72
15.12.2013		10	4	14	10	13	51	65
15.12.2012		3	14	9	12	9	47	64

Hausten 2017 var fordelinga slik:

	u. 3 år	o. 3 år
Tommeliten	9	0
Askeladden	0	18
Tyrihans	0	18
Veslefrikk	8	0
Modulbarnehage	8	3
Totalt i Ulvik barnehage	25	39

Talet på barn med minoritetsspråkleg bakgrunn aukar i barnehagen hos oss.

Barnehagen har ei viktig rolle i tidleg innsats. Maktar me å arbeida godt med inkludering og barna si språkutvikling og norskopplæring i barnehagen, legg me grunnlaget for ein god barndom i Ulvik og ein vellukka start på utdanningsløpet.

	2017	2016	2015	2014
Minoritetsspråklege barn i barnehagen	15	11	7	8
Barn som får spesialpedagogisk hjelp	1	6	4	2

Tilsette og fordeling:

Som ein konsekvens av modulavdeling og auka barnetal, har tal årsverk auka. Tal årsverk i hove arbeid med barn som krev ekstra ressursinnsats, er knytt til behov det aktuelle året. Ein av assistentane fullførte fagprøve i barne- og ungdomsarbeiderfaget hausten 2017, og dermed har me to fagarbeidarar.. Der er ingen reel endring i vaktmeister/reinhald, tidligare år har me rapportert for høge tall.

	2017	2016	2015	2014
Styrar	1	1	1	1
Pedagogisk leiar	5	5	5	4
Barnehagelærar eller tilsvarande	1	1	1	2
Barne- og ungdomsmedarbeidar	2	1	0	2
Assistentar	7	6	6	4,16
Særskild språkstimulering til minoritetsspråklege barn	0,5	0,5	1	0,14
Arbeid knytt til barn som krev ekstra ressursinnsats	0,12	0,74	0,8	1,16
Vaktmeister/reinhald	0,7	1,25	1,25	1,25
Total årsverk	17,3 2	16,49	16,05	15,71

	Netto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage			
	2014	2015	2016	2017
Ulvik	144 196	139 033	128 607	154 567
Granvin	145 529	124 610	132 675	122 449
Eidfjord	244 800	255 098	313 857	241 465
Jondal	109 018	109 281	120 559	144 929
Kostragr. 6	138 009	134 836	143 362	150 643

I 2017 har me auka driftsutgiftene per barn Ulvik barnehage, forklaring på dette er etablering av 5. avdeling (Gråtass/modulen), dels etableringskostnad og dels meir «normalisert» barnetall pr. avdeling.

PPT – sjå under spesialundervisning skule og spesial pedagogisk hjelp i barnehage

Kulturskulen

Kulturskulen har hatt stabile elevtal over tid. I 2017-18 er 56% av elevane melde på ein eller fleire aktivitetar i kulturskulen. Tidligare år har me kunna konstatera at gutter og jenter er om lag likt fordelte. Men i år liknar me meir på andre kommunar si fordeling, med overvekt av jenter.

År	Elevar i grunnskulealder	Elevar over grunnskulealder	Gutar	Jenter	Sum elevar

2017-18	66	3	29	37	66
2016-17	64	5	31	33	64
2015-16	65	2	33	34	67
2014-15	57	2	25	34	59
2013-14	82	3	43	42	85
2012-13	71	3	36	38	74

I kulturskulen deltek 1 elev i snitt i 1,5 aktivitet, visuelle kunstfag er så populær at me må ha 2 grupper

År	Musikkund ervisning Elevplassar	Visuelle kunstfag Elevplassar	Teater Elevplassa r	Dans Elevplassa r	Andre kunst- og kultur- uttrykk	Sum Elevplassar
2017-18	74	19	4		3	99
2016-17	75	16	9		6	106
2015-16	83	11	8	0	8	110
2014-15	67	12	13	0	6	98
2013-14	92	16	11	0		123
2012-13	86	8	12	8		119

Vaksenopplæring

I kommunal regi er vaksenopplæring oftest relatert til:

§ 4A-1. *Rett til grunnskoleopplæring for vaksne*

Dei som er over opplæringspliktig alder, og som treng grunnskoleopplæring, har rett til slik opplæring, så langt dei ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1. Retten til opplæring omfattar til vanleg dei faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskoleopplæring for vaksne.

Alle som har gjennomført grunnskule på minimum 9 år, har rett til vidaregåande opplæring. Ulvik herad har sidan 2014 motteke 11 vaksne flyktningar. Alle har delteke i introduksjonsprogram, med fokus på norskopplæring, minimum 50 timer samfunnskunnskap og innføring i den norske arbeidsmarknaden og utdanningssystemet. Mange arbeidsplassar har stilt språkpraksisplassar til rådvelde, det er ein av dei viktigaste faktorane til god integrering.

HELSE- OG OMSORG

I august 2017 ble Helse og sosial og Pleie og omsorg ei eining; Helse og omsorg. To leiarstillingar blei til ei, samstundes som oppgåvene er dei same. Det utfordrar alle administrative oppgåver og generell saksbehandling. Enkelte tilsette har fått endra sine oppgåver. Samanslåinga gjer det mogeleg å nytta ressursar og kompetanse på tvers i eininga. På sikt kan dette sikre ei robust organisasjon, gje fleksibilitet og auke betre ressursutnytting. Arbeidet med ny sjukeheim har mellom anna kome i tillegg til andre oppgåver, så det har vore ei eining med høg intensitet. Tilsette følgjer opp nasjonale føringer og deltaking i nettverkssamarbeid/-møte der kommunane forpliktar seg til å stilla med ressursar, til dømes Kommunenes Sentralforbund/ Fylkesmannen i Hordaland. Presset på helse og omsorgstenestar vil auke i framtida, og det vil utfordre både personell og økonomi. Tenester som også ligg til eininga er: Alkohol- og skjenkebevilling, bustadgruppe, flyktningar, ungdomsarbeider, folkehelse, husbanken sine støtteordningar - bustøtte, tilskot til utbetring av bustad, og elles andre helse- og sosialtenester jf. helse- og omsorgstenestelova som ikkje ligg til NAV eller pleie og omsorgsavdelinga.

Folkehelse:

Folkehelsearbeidet hausten 2017 har hatt fokus på psykisk helse for barn og unge. Dette er i tråd med Fylkeskommunen Hordaland. Folkehelseprofilen for Ulvik 2017 viser eit par utfordringar: Prosentdelen barn (0-17 år) som bur i husstandar med låg inntekt, er høgare enn landsnivået. Låg inntekt er her definert som under 60 prosent av nasjonal medianinntekt. Prosentdelen 10.-klassinger som trivst på skulen er lågare enn landsnivået. Tala er henta frå elevundersøkinga.

Ungdomsaktiviteter:

Ameron ungdomsklubb har fått nytt lokale.

Større arrangementer dette året var:

- LAN hadde 35 påmeldte totalt, i alderen 13-18+ (12 jenter-23 gutter)
- 16 mai: Eit rus forebyggjande samarbeid mellom Ullensvang, Ulvik, Eidfjord, Granvin og Odda. 30 påmeldte frå Ulvik.
- Aktivitetshelg arrangert av HU (Hardanger ungdomsråd) i Odda. 8 deltakarar frå Ulvik.

Alkohol- og skjenkepolitikk

I Ulvik var det i 2017 6 stader som har salsløyve og 13 som har skjenkeløyve. Det vart vedteke 13 ambulerande einskilde løyver. Omsetjinga av alkohol er stabil. Interkommunalt smarabeid med Kvam gjer at Kvam gjennomfører kontroller av sal og skjenkestader, 50 kontroller i Ulvik i 2017. For 2018 vil Kvam også gjennomføre tilsyn av sal av tobakk.

Avd Helse (tidlegare Helse og sosial)

Til avdelinga inngår legeteneste, legevakt, ØH- senger, fysioterapi, helsestasjon/jordmorteneste og barnevern. Langtidsfråvær og sjukdom har avgrensa

kapasiteten ved avdelinga. Det er 7 tilsette i avdelinga. Det er i liten grad nytta vikar ved sjukefråvær.

Legekontoret:

Legekontoret har 2 legestillingar i 2017. Starten på året vart innleia med utfordingar knytt til fastlege, og medførte ei ekstra utgift både til vikar og frikjøp av avtale. Ein fastlege har sagt opp, og på slutten av 2017 hadde Ulvik berre ein kommunelege. Ulvik og Granvin deler LIS-lege (lege i spesialisering)/ turnuslege. Ein LIS- lege vart ferdig i september. Denne avtalen er bindande fram til 2019. Avtalen om felles kommuneoverlege med Eidfjord og Granvin vart sagt opp hausten 2017. Det gjer redusert inntekt i 2018. Konsekvensen er at netto driftsutgifter helsetenester Ulvik er 6 160 pr innbyggjar, eit høgare tall enn kostragruppe 06, som har 5 631 kr.

Legevakt/ØH-senger:

Interkommunal vaktordning kom i gang 02.01.2017. Legevaktenesta har helde budsjett sitt. I tillegg har det interkommunale samarbeidet oppretta ØH- senger, slik som budsjettet. Ulvik har nytta ØH senger ein gong i 2017. Frå 1.1.2018 er tilbodet utvida til å gjelde for rus og psykiatri, dette innafor same budsjetttramme. Ulvik sjukeheim har fleire gongar fått oppgåver frå legevakta, noko som ikkje skal skje. Dette er blitt mykje betre i løpet av hausten.

Individuelle hjelpetiltak:

Også i 2017 er det ein auke i behovet for pliktmessige individuelle hjelpetiltak –Barnevern, Bustad/institusjon, omsorgsløn og Brukarstyrt assistanse (BPA). Dette er kostnadskrevjande, lovpålagte og vedtaksstyrte tiltak som kan være vanskeleg å planlegge budsjettmessig. Det var ikkje sett av mildar til nye tiltak i budsjett, og dette har for 2017 gitt eit monaleg underskot. Netto driftsutgifter sosialtenestene er 4 820 kr. som er høgare enn Kostragruppe 06, som har netto driftsutgift på 4 437kr.

Det er vedteke å etablere omsorgsbustad med heildøgns bemanning frå hausten 2018. Dette kan sikre eit betre tilbod til innbyggjarane i framtida.

Barnevern

Ulvik herad har delegert barnevernarbeidet til Hardanger Barnevern i Odda etter ein vertskommunemodell, i samarbeid med kommunane Odda, Ullensvang, Eidfjord, Jondal og Granvin. For 2017 har det vore ei auke i omfanget av vedtak som gjer eit meirforbruk. Det er Hardanger Barnevern som fattar vedtak i barnevernsaker, og vedtaka er bindande for heradet økonomisk. Det er ikkje mogeleg å ta høgde for desse vedtaka i budsjettplanlegging. Netto driftsutgiftar barnevern er 4 125 kr, som er lågare enn kostragruppe 06, som er på 14 518 kr.

NAV

Totalt har NAV Ulvik, sosialtenesta, hatt 36 aktive brukarar i 2017. Av desse var 8 nye brukarar. 45 % av desse hadde behov for bistand over 6 md. (39 % i 2016 og 23 % i 2015). 23 brukarar hadde ei økonomisk yting eller låg arbeidsinntekt i botn. Alderssamansettinga er ca.

17 % under 25 år, ca. 47 % mellom 25-44 år og ca. 36 % over 45 år. Andelen under 25 år har minka noko frå 2016 til 2017, frå 21 % til 17 %.

Ansvar 270 NAV	Rekneskap	Budsjett	Avvik
	4 338 486,18	3 074 508,58	1 263 977,60

NAV Ulvik har eit stort avvik budsjettmessig, som mellom anna skuldast endringar i dei økonomiske vilkåra for bustønad, stor pågang av søknadar og endra bistandsbehov for nokre brukarar. I tillegg har NAV Ulvik vore underbudsjettet i fleire år. Vi har hatt stabilt personale og veldig lågt sjukefråvær mesteparten av året, men opplevde noko sårbarheit i slutten av året grunna sjukdom. Samanlikna med Kostragruppe 06 hjå SSB, har Ulvik litt høgare driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20-66 år enn gjennomsnittet, men vi har omrent same andel sosialhjelpsmottakarar av innbyggjarane 20-66 år. Ulvik har hatt ei stor auke i driftsutgiftene pr. innbyggjar frå 2016 til 2017 (auka med kr. 1 223 pr. innbyggjar). Men andelen sosialhjelpsmottakarar har gått ned frå 5,7 % til 5,3 % av innbyggjarane 20-66 år.

Avd Omsorg (tidlegare Pleie og omsorg):

Sjukeheimen:

Talet på sengeplassar i kommunal institusjon er 18 plassar og eit palliasjonsrom. Det er ikkje venteliste i Ulvik. Det kan synast som at etterspurnad etter korttidsplassar og langtidsplassar vil variere noko frå år til år. Pasientgruppene er mange og hjelpebehovet varierer sterkt i omfang. Tidvis har ein nytta vikarar for å sikra ein forsvarleg drift. Dette saman med låg tilgang på fagpersonell i ferie/ høgtidar har medført høg bruk av vikarbyrå. Kostratall viser netto driftsutgifter på 28 725 kr, som er noko lågare enn kostragruppe, på 30 354 kr.

Heradet har ikkje hatt «overliggarar» i sjukehus, og unngått ein meirkostnad på 4.000,-/døgn. I framtida er det forventa at fleire får avansert pasientbehandling i både heim og institusjon etter utskriving frå sjukehus. Tal på avviksmeldingar har auka i 2017. Dette skuldast primært sjuke pasientar.

Det er satsa på grunnutdanning og vidareutdanning. 1 ferdig som sykepleier (desentralisert utdanning) og 1 avsluttet videreutdanning lungesjukepleier dette året. 2 med tverrfaglig teorieksamn helsefagarbeider får praksis hos oss for kunne ta fagprøven. 5 personer med Demens omsorgens ABC og 4 personer med Velferdsteknologi ABC.

Elektronisk meldingsutveksling (e-meldingar) - institusjon og heimetenester: 1 768 (2016:1 967 meldingar)

Det er forventa at sjukehus vil korte ned på sine pasientforløp, noe som gjer at heradet må overta pasientar tidligare. Pasientforløp vert i liten grad diskutert ved mottak av e-meldingar. Dette har me ynskje om å forbetre i 2018. I framtida vil utgifter knytt til IKT auke,

eksempelvis opplæring av tilsette, auka lisensutgifter/ nye modulinnkjøp/ support, velferds-teknologi m.m.

Ulvik sjukeheim:

	2015	2016	2017
Søknader til Inntaksnemnda	48	67	52
Langtidsopphald	5	11	9
Korttidsopphald(akuttlass,rehabilitering, utgreiing/behandling, anna)	34	43	39
Omsorgsbustad	4	6	0
Dagavdeling for personar med demens	4	6	6
Nattopphald	1	1	0
Avlastning	0	0	2

Utskrivingar frå institusjon :

<u>Korttid-rehabilitering</u>	15	22	8
<u>Korttid-anna</u>	10	19	28
<u>Korttid-behandling/utgreiing</u>	6	5	3
<u>Langtidsopphald</u>	1	11	9
<u>Nattopphald</u>	1	2	0

Heimetenester:

Heimetenester omfattar alle deltenester utanom institusjonsomsorg. Hausten 2017 ble psykiatrisk sjukepleiar og miljørarbeidar organisert under denne tenesta.

Talet på brukarar held seg nokon lunde stabilt. Behovet for fleire og meir omfattande hjelpetiltak i heimen gjer stor arbeidsmengd og saksmengd, også for kortare oppdrag knytt til nødvendig helsehjelp. Det er ikkje alltid talet brukarar/pasientar som er avgjerande for den totale arbeidsmengde. Alle vedtak skal førast i IPLOS. Nytt for hausten 2017 er at også vedtak under 2342, 2533, 2546 førast i IPLOS. Køyreoppdrag ligg til personalet i heimetenester.

Ergo/Fysio:

Ergoterapeut har kombinasjonsstilling med 60% ergoterapeut og 40% fagansvarleg ved dagavdeling for personar med demens og er også demenskoordinator i heradet.

Hjelphemiddel skal sørva alle innbyggjarar i heradet, både barn, unge og vaksne. Mykje avansert tekniske hjelphemidlar som krev fagutdanning – ivaretake av personell ved teknisk.

Kvardagsrehabilitering med heimebesøk leia av ergoterapeut og fysioterapeut er i gang og avsluttast våren- 2018. Dette skal danne grunnlag for vidare utvikling av kvardags-rehabilitering.

Dagavdeling for demens:

Dagavdeling for personar med demens er eit lovpålagt tilbod som inkl. transport. Det er ei utfordring at me ikkje har tilfredsstillande transportløsing, og at me nytta eiga tilsetje til

denne oppgåva. Tilbodet vert også nytta for enkelte pasientar med plass i institusjon med demensdiagnose som har behov for miljøtiltak og eit meir tilrettelagt tilbod.

Dagaktivitetstilbod:

Arbeidsstova er eit dagsentertilbod som ikkje er lovpålagt. Legg vekt på det sosiale og handverkstradisjon. Eininga har omdisponert eigne ressursar for å oppretthalde tilboden. Ulvik Lions Club har avtale med sjåfør og sponsar transportutgifter.

Pr 31.12.2017:

<u>Heimesjukepleie</u>	: 31 brukarar
<u>Heimehjelp</u>	: 30 brukarar
<u>Dagavdeling for personar med demens</u>	: 6 brukarar <u>dagleg</u>
<u>Tryggleiksalarm</u>	: 26 tr.alarmar
<u>Arbeidsstova</u>	: 20 brukarar
<u>Utkøyring av middagar</u>	: 19 middagar <u>dagleg</u>

TEKNISK DRIFT OG VEDLIKEHALD

Planlegging

Godkjent mindre endring av reguleringsplan for Finse. Plan id.: 1233201101 vedtatt 10.05.2017

Godkjent mindre endring av reguleringsplan for Brakanes. Plan id.: 1998001 vedtatt 29.08.2017

Byggesaker

År	Heilårsbustader	Fritidsbustader	Andre bygg /tiltak
2014	9	4	29
2015	8	10	33
2016	4	8	22
2017	6	7	20

Av dette er det 0 nye heilårsbustad, 2 nye fritidsbustader og 0 nye driftsbygning

Det er handsama 12 dispensasjonssaker i 2017.

Kart og oppmåling

Kart og oppmåling

Rekvirert/ vedtak	oppmålt	matrikkelført	Fakturert
6	8	19	19

Adresseprosjekt stolar,- og registrering av stølsbygg og bygg i fjellet nærmar seg slutt. Står att 20 stolar og bygg i fjellet. Stadnamtenesta har reist namnesak på mange av desse, og som må avsluttast før ny handsaming.

Innført ny kartløsing – alle kart og programvare ligg på server hjå Norkart. Dette er

felles løysing med Eidfjord og Odda

Landbruk

Tilskott jordbruk	2014	2015	2016	2017				
	Tal søkjarar	Sum tilskott	Tal søkjarar	Sum tilskott	Tal søkjarar	Sum tilskott	Tal søkjarar	Sum tilskott
Produksjonstilskott	58	8 948 048	56	10 072 209	59	8 759 426	56	8 816 328
Avløysartilskott	34	1 352 479	33	128 001	32	1 347 424	32	1 360 899
Pristilskott	40	1 212 417	42	1 304 319	46	2 117 768	Ikkje ferdig	
Regionalt miljøtilskott	51	1 545 921	49	1 254 706	49	1 270 249	52	1 268 226
Refusjon sjukdomsavløysing mv	6	57 054	2	38 322	7	184 556	8	158 738
Spesielle miljøtiltak i jordbruket	11	230 000	4	163 582	2	140 000	11	264 656
Sum		13 345 919		12 961 139		13 819 423		11 868 847

Rolf Tore Djønne slutta i stillinga si i februar 2017. Rune Østraat tok til i 80 % stilling frå juni månad.

Skogbruk

År	Hogst				Planting		Tilskot
	Total (m ³)	Sagtømmer (m ³)	Massevirke (m ³)	Total verdi (kr.)	Skogstre (stk.)	Juletre (stk.)	(kr.)
2017	1 447	991	444	485 207	37 350	200	79 026
2016	13 268	8 208	4 861	4 382 094	59 650	-	153 350
2015	13 474	7 574	5 839	3 698 232	60 300	4 000	169 327
2014	11 891	8 213	3 652	3 749 843	-	-	-

Etter 3 år med stor hogstaktivitet i skogbruket gjekk hogstuttaket ned i 2017. Det er naturleg at hogstaktiviteten vil variere frå år til år, spesielt i ein liten skogbrukskommune som Ulvik. Ein del av uttaket dei føregåande åra var dessutan motivert av snø, skred og stormskade, noko det heldigvis var lite av i 2017. Planteaktiviteten held fram etter tidlegare års hogst. Skogbrukslova krev tilfredsstillande forynging innan 3 år etter hogst.

Hordaland har førebels gode tilskotsordningar for nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK), her under planting, men framover må ein i større grad pårekna å finansiere tiltaka ved hjelp av avsett skogfond. Nye kommunale retningsliner for bruk av NMSK midlar vil gjelde frå 2018.

Viltforvaltning

År	Hjortejakt			Elgjakt			Fallvilt (stk.)
	Kvote (stk.)	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	Kvote (stk.)	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	
2017	110	91	83	5	0	0	2
2016	127	78	61	5	0	0	4
2015	127	79	62	5	1	20	12
2014	127	71	56	7	3	29	3

Jaktarealet i Ulvik er fordelt på 1 elgvald og 3 hjortevald. Hjortevalda har i 2017 inngått samarbeid om felles bestandsplan i samsvar med nasjonale og regionale føringer for viltforvaltning på bestandsnivå. Det teljande arealet utgjer om lag 115 km².

Minstearealet for hjort i Ulvik er 1 000 dekar, som er likt minstearealet i nabokommunane. Dei kommunale målsetjingar for hjorteviltforvaltninga er revidert i 2017.

Fellingsuttaket for hjort gjekk litt opp i 2017, 91 dyr er ny fellingsrekord for Ulvik. Mattilsynet og Miljødirektoratet applauderer dette, dei har oppmoda kommunane til bestandsreduksjon for å førebygge spreiling av CWD mellom hjortedyra. Det vart ikkje skote elg i 2017, elg tettleiken synast stabilt låg.

Det er ei lovfesta nasjonal målsetjing at hjorteviltet skal forvaltast på bestandsnivå, og eit samarbeidsprosjekt er initiert for å lage ein større felles regional bestandsplan. Valda i Ulvik har hittil ikkje ynskja å delta i prosjektet, men nokre endringar ventast i 2018.

Brann- og feiarvesen

- Årsmål for dei enkelt områda som feiing/tilsyn, tilsyn med særskilde brannobjekt (§ 13), øvingar, lovpålagd opplæring, helsekontollar, HMT arbeid osv. Ei brannordning (inkludert feiing/tilsyn) i tråd med sentrale krav og lokal risikovurdering.
- Gjennomført dei planlagde 6 fellesøvingane, med fokus på bruk av utstyr, vasstilførsel/normalutlegg og fyrstehjelp. Varabrannsjef deltek som instruktør, på øvingar i Eidfjord og Granvin vedk. fyrstehjelpsopplæring inkl. HLR opplæring/hertestartar.
- To brannmannskap har gjennomført og bestått eksamen i «Grunnkurs deltidsmannskap», i regi av Norges brannskole. Det gjekk over 4 helgesamlingar på Voss, og ei praksisveka med instruktørar frå Bergen brannvesen. Praksisveka er gjennomført på øvingsområder til Bergen brannvesen, ulike stader i Bergensregionen. Brannsjefen er starta på eit årsstudium(deltid) i Beredskapsledelse i regi av Høgskulen Vestlandet. Det har vore gjennomført fira 3 dagars samlingar i Haugesund.

- Feiing vart utført av Vestnorske Feiertjenester AS. Dei varsla 272 hus vedk. feiing, men det var 62 hus der det ikkje var klargjort for feiing eller folk ikkje var heime. Dvs. 280 piper vart feia i 2017. Det var varsla 257 tilsyn, men det var 65 som ikkje var heima, dvs. utført tilsyn på 192 bustader.
- Ein person gjennomførte og bestod oppkøyring for Utrykkingskøyringskurs (Kode 160),, i regi av Haugesund Utrykkingsskole.
- Pilotprosjekt med «Brannsamarbeid i Bergensregionen» er avslutta, og har vore til politisk behandling i Ulvik herad, både i Formannskapet og Heradstyret. Saka vart einstemmig nedstemt i begge instansar. På sikt bør Ulvik herad søkja tettare brannsamarbeid med eit større brann og redningsvesen. Dette grunna ei ny forskrift frå Direktoratet for Samfunnsikkerhet og brannberedskap (DSB), som har forslag om meir heiltidsleiing i brann og redningsvesen i Noreg.
- Ulvik brannvern har gjennomført 1 øving med overflatedredningsutstyr, som var ei gave frå Gjensidigestiftinga, med ein verdi på kr 150 000,-.

Vatn, avløp og renovasjon (VAR)

	2014	2015	2016	2017
Januar	10 150	15 526	10 559	10 104
Februar	8 579	15 140	11 406	9 080
Mars	9 690	10 170	12 270	10 255
April	10 396	9 937	10 681	10 216
Mai	12 568	10 998	12 076	13 242
Juni	14 827	11 508	16 194	12 514
Juli	17 679	13 681	13 606	14 494
August	12 976	13 341	13 033	13 446
September	11 472	10 801	11 287	11 593
Oktober	9 982	9 914	10 532	11 242
November	14 594	9 216	10 598	9 087
Desember	12 074	9 958	10 213	10 302
Total	144 987	140 190	142 455	135 575

Vassforbruk i Ulvik herad 2014-2017

1. Vassforsyning

Det er eitt kommunalt vassverk i Ulvik, Osa vassverk. Vassverket ble etablert i 2001. Grunnvasspumpene pumper mot Hakestad høgdebasseng.

Ny kommunedelplan for vatn og avløp vart vedtatt i juni 2016. Hovudutfordringa i 2017 og 2018 innanfor dei kommunale vassforsyningsområda framover som er omfatta av planen, er å etablere **nytt høgdebasseng i Øydve-området** og utvide nettverket til nye abonnentar på Torblå og Øydve.

Arbeid med etablering av nytt høgdebasseng vert planlagt ferdig april/mai 2018. Prosjektering på nytt vassnett på Øydve-Torblå område vart starta opp i 2016. Prosjektet vil bli ferdig i hausten 2018.

Grunna brot på vassleidning på Skeiesvegen vart ein del av hovudvassleidning utskifta i 2016 og 17. Arbeidet på utskifting av gamle leidningar vil fortsetja i åra framover.

2. Avløp

Dei kommunale avløpsanlegga består i dag av:

- 1 mekanisk reinseanlegg på Hjeltnes
- 5 stk avløpspumpestasjonar (inkl. ein i Hjeltnes RA)
- 10 regnvassoverløp
- Tilhøyrande leidningsnett, ca. 15,5 km

Hovudutfordringa innanfor dei kommunale avløpsbehandlinga som er peika på i kommunedelplanen, er reinseanlegget som ikkje stettar dagens reinsekrav, m.a. for stor lysopning. I reinseanlegget er det særslig dårleg inneklima da det er store problem med gass i bygget frå avløpsvatnet. Arbeid på etablering av **nytt reinseanlegg** vart starta opp i 2016 og planlagt ferdig april/mai 2018.

I tillegg vil heradet utvide nettverket til nye abonnentar på Torblå og Øydve. Prosjektering på nytt vassnett på Øydve-Torblå område vart starta opp i 2016. Prosjektet er venta ferdig i hausten 2018.

3. Slamtømming

Ulvik herad har ordning med tømming kvart andre år for bustadhús og fjerde år for fritidsbustad. Tenesta vart skild ut frå avlaup med eige sjølvkostrekneskap.

Totalt har heradet ansvar for slamtømming for ca. 250 private abonnenter.

Det praktiske arbeidet er utført av NorVA 24.

4. Renovasjon

Renovasjon er ei sjølvkostteneste. Opgåvene knytt til denne tenesta er overtatt av Indre Hordaland Miljøverk, med unnatak for fakturering.

Kommunale vegar

Nytt fortau langs Tyssevikvegen i Ulvik sentrum vart etablert jmf vedtatt reguleringsplan av 2015.

Heradsstyret vedtok og å nedklassifisere nokre kommunale veger, og ruste dei opp før overlevering til grunneigarane. Opprustinga vart gjennomført i 2016 og 2017.

Det vart gjennomført asfalteringsarbeider på delar av det kommunale vegnettet i 2017.

Heradsstyresaker 2017

Sak nr.	Tittel	Sak nr.	Tittel
001/17	Meldingar	022/17	Tilsetjing i stilling som rådmann
002/17	Ombygging og tilbygging av Ulvik Barnehage	023/17	Meldingar
003/17	Åting på Rallarvegen, Finse-Lågheller	024/17	Årsmelding og rekneskap 2016
004/17	Prioritering av søknader om spelemidlar 2017	025/17	Prosjektering av nye Ulvik sjukeheim-finansering
005/17	Ny handsaming. Vidareføring av teneste i Business Region Bergen	026/17	Hjeltnes avløpsrenseanlegg. Finansering
006/17	Prosjekt ny sjukeheim. Politisk komité	027/17	Øydve høgdebasseng. Finansering
007/17	Rekruttering av rådmann	028/17	Fornying av leigeavtale mellom Ulvik Bustadstifting og Ulvik herad
008/17	Ny selskapsavtale Hardangerrådet IKS	029/17	Regionalt bompengerselskap. Nytt takst- og rabattsystem
009/17	Val av vara i Cittaslowrådet	030/17	Regionalt Bompengerselskap. Nytt takst -og rabattsystem
010/17	Veg frå Prestabrekka til Osavegen	031/17	Åting langs Rallarvegen mellom Finse-Lågheller 2017-2019
011/17	Hjeltnes produksjonsskule	032/17	Busetting av flyktninger
012/17	Meldingar	033/17	Bergovegen. Rettsleg prosess
013/17	Kontrollutvalet si instilling til heradstyret om eigedomsskatt	034/17	Søknad om støtte til filminnspeling
014/17	Klage på vedteke adressenamn,Bangstrondi,Lengjed alsbu og Rundavassbu	035/17	Meldingar
015/17	Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp 2017	036/17	Smittevernplan for Ulvik 2017-2020
016/17	Storm Adventures AS-Motorferdselsløyve	037/17	Butilbod for vaksne som trong heildøgns tilsyn
017/17	Åting på Rallarvegen, Finse-Lågheller	038/17	Forskrift om tildeling av langtidsopphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad
018/17	Etablering av 5. avdeling i Ulvik barnehage	039/17	Høyring-Planprogram til rullering av Regional plan for Hardangervidda
019/17	Aksjeteikning i Næringshagen i	040/17	Intensjonsavtale mellom Ulvik

	Hardanger		herad og Hordaland Fylkeskommune i Holmen
020/17	Årsmelding og rekneskap 2016-Ulvik frivilligsentral	041/17	Årsmelding for Kontrollutvalet i Ulvik herad 2016
021/17	Meldingar	042/17	Leigeavtale for rettslokale på Lofthus
043/17	Meldingar	051/17	Søknad om driftsstøtte for 2018 til Hardangerviddatunnelene AS
044/17	Forvaltningsrevisjon samhandlingsreforma i Ulvik herad	052/17	Søknad om støtte til Vinje-senteret
045/17	Kvinnherad kommune sin tilknytning til Reisemål Hardangerfjord AS-Høyring	053/17	Søknad om tilskot til Harding Puls i 2018
046/17	Endring i ekteskapslova og overføring av vigselsmyndighet fra tingretten til kommunane	054/17	Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021
047/17	Lokal forskrift om spreiing av husdyrgjødsel Ulvik herad	055/17	Bergensalliansen- Medlemskap i Vest Brann- og Redningsregion
048/17	Meldingar	056/17	Gebyrforskrift IHM 2018
049/17	Budsjett for kontroll og tilsyn i Ulvik herad 2018	057/17	Møteplan 2018
050/17	Kunstnarbustad i Berlin-forlenging av avtale		